

REFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Torsdag 6. mars 2025 kl. 19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Heine
Kaffi og kjeks	Sigrid

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Tilstades:, Tormod Stautland, Ida Elin H. Tvedt, Sigrid T. Langøy, Bjarne Petterteig, Fridleif Lydersen (sokneprest), Heine Kaldefoss, Marit M. Romfog, Roald Sangolt
Fråver: Guro Betten, Wenche Midttun, Reidun Andersen (sakshandsamar).

SAKLISTE

2025/8 - 012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste.
Vedtak:	Godkjent.

2025/9 - 012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 11.02.2025
Vedtak: Godkjent.

2025/10 - 350	Kantor Bjarte Aadland orienterer om arbeidet han gjer som kantor.
Saksutgreiing:	Soknerådet inviterer tilsette i staben til soknerådet for å orientere om arbeidet, sei noko om tankar og draumar framover og om kva dei forventar av oss i soknerådet. I dette møtet kjem kantor Bjarte Aadland med sine tankar og orienterer om arbeidet han gjer.
Drøfting:	Soknerådet tar til etterretning det som kjem fram i møte. Bjarte ønsker samråding til konsertar som koster meir, støtte ordningar og at Sanktus kan søke om underskuddsgaranti.

2025/11 - 120	Årsbudsjett 2025	Vedl 2
Saksutgreiing:	Nysæter sokneråd hadde plan om å sjå nærare på budsjettet før vedtak, men det er ikkje blitt gjort. Budsjettet som vart lagt fram 28.11.2024, med ei endring, ligg ved.	
Vedtak:	Soknerådet godkjenner budsjettet for 2025.	

2025/13 – 360	Aktivitetsdag i kyrkja ved planleggingsdagar barnehage og skule
Saksutgreiing:	31.januar var det planleggingsdag på skulane og barnehagane i området og me lagde til eit prøveprosjekt der foreldre/ besteforeldre kunne komme i lag med barna i kyrkja nokre timar. Dei åt lunsj saman, leikte gjemsel, var nede og leikte med duplo, spelte spel og bordtennis.
Vedtak:	Soknerådet støtter opp om å tilby aktivitetsdag. 07.11.25 er første aktuelle dato.

REFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

2025/14 – 360

Planverktøyet “Kyrkja vår”

Saksutgreiing:

For å komme oss vidare med arbeidet i “kirka vår” trenger me å sette av ein komite til å gjer litt forarbeid som kan legges klart på neste soknerådsmøte.

Vedtak:

Soknerådet vel Bjarne, Tormod og Sigrid til komiteen.

2025/15 – 046

Årsmelding

Saksutgreiing:

Årsmeldingen er ikkje utarbeidet endå.

Vedtak:

Årsmeldingen vert sendt ut på mail, Det vert høve til å komme med kommentarar på mail. AU får fullmakt til å godkjenne årsmeldinga. Til fremtidige år ynskjer soknerådet at årsmeldinga er ferdig til 01.03. At årsmøtet er i mars og at det vert lagt inn soknerådsmøte mellom 01.03 og årsmøtet slik at soknerådet får godkjent årsmeldinga.

2025/16 - 212

Høyringsuttale 60% fast stilling som kyrkjelydspedagog

Saksutgreiing:

Fellesrådet v/ kyrkjeverge har bedt soknerådet om uttale i samband med tilsetting av 60% stilling kyrkjelydspedagog.

Vedtak:

Nysæter sokneråd støtter innstillinga av Elisabeth Moldestad til fast stilling som kyrkjelydspedagog i Stord kyrkjelege fellesråd

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Satsingar – vidare arbeid
2. Kyrkjemiddag 23.03, finne folk til å vere med. Marit vert med.
3. Kvelds skjærtorsdag, finne folk til å vere med. Heine undersøker. 17. mai frukost – finne folk til å vere med. Ida vert med.
4. trusopplæringsutvalet.
5. Fridleif informerer frå staben.

Skriv, referat og meldingar

1. Referat Fellesrådet 05.02.2025
2. Referat Stord sokneråd 19.02.2025

Viktige datoar 2025

- Årsmøte 6. april.
- Fasteaksjonen 8. april, soknerådet vert oppmoda til å bidra.
- 2. mai Drop in dåp
- 13. september - Medarbeiderdag i Nysæter kyrkje for stab og sokneråd kl. 10.00 – 17.00
- 18. oktober – kyrkjebasar.

Sigrid Theodorsen Langøy
soknerådsleiar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd:
Tid: 15.05.2025 kl 19.00-21.00
Stad: Nysæter kyrkje
Opning: Bjarne